




Styret i Venstre: Foran sit Kent Are Kjørsvik Petterson og Kristian Bringedal og bak står Kjell Yri, Ingrid Handeland og Annemor Ekeland

Kristian Bringedal frå Uskedalen tok ikkje attval som leiar for Kvinnherad Venstre under årsmøtet på Valen i kveld. Han vart avløyst av Kent Are Kjørsvik Petterson. Kjell Yri, Ingrid Handeland og Annemor Ekeland er dei andre i styret. Den nye leiaren er 29 år gamal og frå Husnes Uskedelingen Yri, som sit i formannskapet, sa i ein rapport at opposisjonen som vanlegvis består av Høgre, Sp og SV fører ein uansvarleg politikk fordi dei ikkje kan peika på kvar midlane skal hentast. Derimot rosa han KrF fordi partiet blir meir og meir samd med posisjonspartia.



Fylkesvaraordfører Mona Hellesnes frå Ulvik vitja årsmøtet og her får ho ei lokal bok av avtroppande leiar Kristian Bringedal

Om den økonomiske politikken sa Yri at mange tøffe tak er tekne, men dei er ikkje ferdige. Det må gjerast nye innstramningar slik at drifta vert berekraftig.

- Vi skal ikkje bruka pengar før vi har dei, ikke når vi håpar dei kan komma, heldt han fram. Men førebels er 30 millionar spara og kraftfondet står betre enn venta.

Yri var innom mellom anna innom debatten om skulestrukturen og tykte det er

usikkert korleis den vil ende fordi alle er seg sjølv nærmast.

- Men vi vonar framleis at ein no set igang med endring av skulestrukturen, sa han.

Den vanskelegaste saka sidan valet tykte han har vore omstruktureringa av pleie og omsorg. Nedleggjinga av Varaldsøy var vond, men likevel nødvendig.

Av partia som gjekk til val i 2011 var Venstre det einaste som hadde programfesta at det måtte skje strukturendringar, påpeika Yri.

- Vi ser no at vi hadde rett, men vi skal ikkje hovera over det.

Nedleggjinga av ein skule eller ein aldersheim kan vera svært sårt for dei som føler at dei misser noko, medga Yri.

Den nye leiaren seier til HusnesNytt at han ser for seg ein kraftig

reduksjon i talet på skular og eventuelt samling i 2 skulesenter

- i Rosendal og Husnes. Han meiner det er det mest logiske på lang sikt. Men reduksjonen må skje litt om senn etter foreldra sine ønskje og ikkje tvingast på folk.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen